

# Grunnstein med helsing til framtida

I ein forsegla metallkasse med Ulvik sitt heradsvåpen på ligg elevane sine meldingar til framtida, under den nye fleirbrukshallen som no skal byggjast.

Tysdag var heile skulen med på den historiske hendinga, då den symbolske grunnsteinen vart lagt for det nye bygget. Rektor Thor Erling Larsen har tru på at bygget vil stå i 114 år.

- I 2129 skal dei kanskje riva bygget for å kunna byggja noko endå betre. Då vil dei finna grunnsteinen, seier rektor. Han trur det vil verta spennande å opna og sjå kva elevane i 2015 la nedi, av «tidsbilete».

- Men det vert ikkje mange av oss som kan vera med på det, vedgjekk han.

## Elevane la ned kassen

Ein elev frå kvar av dei ti klassane var med på å setja kassen ned i betongkassen som var laga til for føremålet. Ordførar Hans Petter Thorbjørnsen hadde halde tale, og alle hadde ropt hurra for bygget som skal koma. Forsamlinga fekk musikkinnslag både før og etter seremonien i solskinet.

Rektor overleverte ordføraren nøkkelen til boksen, ein nøkkel som skal liggja i safen på ordførarkontoret for ettertida.

Fjerdeklassingane Adrian Rosstrup og Tobias Halstengård ser på seremonien, og gler seg til at fleirbrukshallen kjem opp.

- Det kjem til å verta bra, er Tobias sikker på. Dei to skal symja i nyoppussa symjebasseng, og ha gym i den nye hallen, reknar dei med.

Bygginga inneber litt bråk rett ved skulen, men ikkje så mykje, synest dei. I klassen deira hadde Ciara fått oppdraget å vera med rundt sjølve grunnsteinen. Adrian og Tobias hadde nok takka ja, om dei hadde fått sjansen òg.

- Kva har de lagt nedi kassen?  
- Me har skrive noko på papir. Men det er hemmeleg kva det er, heilt til det vert opna.

## Ballar i presang

For firmaet som skal byggja den



I GANG: Fleirbrukshall har vore snakka om lenge i Ulvik. Tysdag hadde ein seremoni med ordførartale og grunnsteinsnedlegging for å markera byggjastart.

## FAKTA | FLEIRBRUKS- HALL

- Ulvik byggjer fleirbrukshall ved Brakanes skule, og rehabiliterer samtidig symjebassenget ved skulen.
- Nybygget og arbeidet elles vil kosta 34,3 millionar kroner.
- Sjølve hallen vert på 18 x 26 meter.
- Nybygget m.m. skal betalast med eit lån på 20 millionar kroner, og 14 millionar kroner frå «maste-millionane».
- Bygget skal reisast av Fronta AS, eit selskap med base på Stord.

nye hallen er utfordringa at det heile tida også er drift på skulen. Anleggsområdet er inngjerda, og elevane eller andre har ikkje lov å gå inn i området. Skulen og entreprenøren har eit mål om at ingen skal verta skadde under arbeidet. Difor har skulen fått ein ladning med nye ballar

frå hallbyggjarane i Fronta. Når ballar forsvinn inn over gjerdet, skal det i staden verta funne ein ny ball frå denne gáva.

- Me er også opptekne av at informasjon om arbeidet skal gå direkte til brukarane, seier Terje Klippen, som er prosjektsjef i Fronta.

- Me deler dessutan ut refleksvest til alle på skulen, seier han. For firmaet er dette eitt av fleire tilsvarande bygg som vert sett opp dette året. Snart kan dei ta til med betongdelen av jobben. Tidleg i november skal stålkonstruksjonane koma, og på 4-5 dagar vil dei kunna få opp reisverket. Til jol skal dei ha tett bygg, lovar prosjektsjefen.

Og når Adrian Rosstrup og Tobias Halstengård kan ta til i femte klasse neste haust, skal bygget vera klar til bruk.

SIGRID SEIM | tekst og foto  
ss@avisa-hordaland.no



GRUNNSTEIN: Ilona Marie Solheim, rektor Thor Erling Larsen, Kari Aarekol og ordførar Hans Petter Thorbjørnsen klargjer grunnsteinen for nedlegging

**Fjell eller fjord**  
No kan du ta med deg lokalavisa di overalt!

**Kontakt oss for  
abonnementsnummer og passord**  
abonnement@avisa-hordaland.no  
tlf. 56 53 03 06

Tilgjengelig på  
 App Store

**Hordaland**  
www.avisa-hordaland.no